



Helse- og omsorgsdepartementet  
Pb. 8011 Dep.,  
0030 OSLO

Oslo, 21. nov. 2012.

### **Svar på høring: «Forslag til ny forskrift om stønad til dekning av utgifter til undersøkelse og behandling hos tannlege og tannpleier for sykdom m.m.»**

Norsk Tannpleierforening, NTpF, takkar for invitasjon til å koma med innspel til forslag om endring i ny forskrift. Forslaget til ny forskrift, understrekar viktigheita av ein effektiv fordeling av oppgåver mellom tannlege og tannpleiar. Politiske dokument, blant anna St.meld 35 og St. meld 47 med understøttande lovverk, visar politisk ønskje om å leggja vekt på effektiv tenesteproduksjon og endring av oppgåvefordelinga mellom tannlege og tannpleiar. Samhandlingsreformen sin intensjon blir vektlagt i forslaget til ny forskrift, ved at stønad til eigenomsorg og forebyggjande behandling ved diagnosen periodontitt, blir forsterka. Gjennom sjølvstendig refusjonsrett for tannpleiarar for behandlingar tannpleiar er kvalifisert for å utføra, blir det med på å underbyggja regjeringa sitt mål. Innrettinga i forskrifta gir føringar for og er eit viktig insitament for at regjeringa sin politikk blir sett i verk på enkelte områder på det tannhelsefaglege feltet.

#### **Kommentarar til høyringsnotatet:**

NTpF støttar forslaget om felles forskrift for tannlegar og tannpleiarar. Det vil gje ein betre oversikt over pasienten sine rettar ved behandling både hos tannlegen og tannpleiaren.

Folketrygda er innretta mot pasientrettar ved sjukdom, og den nye forskrifta er avgrensa til å gjelda for stønad til dekning av utgifter til undersøking og behandling av periodontitt. Pasienten vil få stønad til behandling av periodontitt og opplæring til eigenomsorg og forebyggjande behandling, ved behandling hos tannpleiar ved tilstand som:

«Sjeldne medisinske tilstander. Infeksjonsforebyggende behandling ved særlige medisinske tilstander. Periodontitt. Manglende evne til egenomsorg ved varig sykdom eller ved varig nedsatt funksjonsevne.»

I diskusjonen til forslaget til ny forskrift, seier høyringsnotatet :

Tilsluttet Delta – en arbeidstakerorganisasjon i YS

Norsk Tannpleierforening  
Postboks 9202 Grønland  
0134 Oslo

Besøksadresse:  
Lakkegata 3, 7. etg.  
0187 Oslo

Telefon: 90 47 41 17  
E-post: [ntpf@delta.no](mailto:ntpf@delta.no)

Bankgiro: 9235 15 58409  
Org.nr.: 971 481 978 MVA  
[www.tannpleier.no](http://www.tannpleier.no)

«Takst 101 kan etter gjeldende bestemmelser kun benyttes i de tilfeller det ytes stønad til dekning av utgifter til undersøkelse og behandling ved sjelden medisinsk tilstand (§1 punkt 1) og infeksjonsforebyggende behandling ved særlig medisinske tilstander (§1 punkt 4). Taksten omfatter informasjon om orale sykdommers årsak og utvikling, muligheter til forebyggende tiltak, informasjon om munnhygieniske hjelpemidler med nødvendig instruksjon, samt motivering for egenomsorg. Videre omfatter taksten fjerning av belegg, tannstein, fyllingsoverskudd m.m. og behandling med fluorpreparater og plaquehemmende medikamenter. Dette er oppgaver tannpleier er kvalifisert til å utføre.»

NTpF stiller seg difor undrande til at det i forslag til ny forskrift, kunn er ved stadfesting av diagnosen periodontitt at pasientar definert under pkt 1,4 og 14 i §1, har rett til stønad etter takst 101 ved behandling hos tannpleiar. Går pasienten til tannlege og får forebyggjande behandling, får pasienten rett til stønad. Dette er ikkje i tråd med St. meld 35 og forslaget til den nye forskrifta er på dette området i strid med meldinga.

Ved behandling av pasientar med manglande evne til eigenomsorg, vil forskrifta endra stønadsgrunnlaget frå refusjonstakst til stønad etter honorartakst. Det vil gje eit nyttig, økonomisk bidrag for denne pasientgruppa.

NTpF meiner difor at forskrfta § 1 2. ledd bør endrast til: «Etter folketrygdloven § 5–6a ytes det stønad til dekning av utgifter til undersøkelse og bahandling av periodontitt utført av tannpleier samt andre oppgaver tannpleierer er kvalifisert til å utføre i henhold til 1. ledd punkt 1,4,6 og 14.» Ved behandling av pasientar med manglande evne til eigenomsorg, vil forskrifta endra stønadsgrunnlaget frå refusjonstakst til stønad etter honorartakst. Det vil gje eit nyttig, økonomisk bidrag for denne pasientgruppa.

NTpF ser det som riktig at pasientar med hyposalivasjon, også kjem inn under takst 101. Desse pasientane er spesielt utsett for karies og kan dermed utsette stort behandlingsbehov. Førebyggjande tenester er viktig for å redusera den reparative behandlinga hos denne sårbare gruppa. Det blir eit paradoks at det blir gitt tilskot til kariesbehandling når ein samstundes er kjent med at spesielt godt reinhald og fluorbehandling er viktig for munntørre pasientar.

Forslag til ny lov, gir pasientar med periodontitt, stønad ved behandling hos tannpleiar og som tidlegare praktisert. NTpF ser det som riktig og slik som det nye lovforslaget legg til rette for, at pasienten også får stønad til undersøking, anestesi, røntgen, foto og prøvetaking. Dette gir pasientar med periodontitt, ein fullverdig behandling med stønad, ved behandling hos tannpleiar. Tannpleiar vil dermed kunna gje eit betre heilheitleg behandlingstilbod til pasienten. Vidare er det ønskjeleg at refusjonstakst ved behandling for periodontitt hos tannlege, skal vera lågare enn ved behandling av periodontitt hos tannpleiar. Det er eit av tiltaka som vil påverka arbeidsfordelinga mellom tannlege og tannpleiar i politisk, riktig retning.

Ny forskrift legg også opp til sams takst for refusjon uavhengig av kva personellgruppa som utøver tenesta på områder der trygda også gir stønad ved behandling hos tannpleiar. Dermed blir prinsippet understreka om lik inntekt for likt arbeid.

Tannhelsekontroll pr. andre år av eldre frå 75 år, og som gjeld frå 1. juli 2013, får pasienten kunn stønadsrett ved undersøking hos tannlege. Tannpleiaren er kvalifisert til å utføra ein fullstendig tannhelsekontroll, og henvisar vidare til tannlege ved behov for tannlegebehandling. Slik NTpF ser

Tilsluttet Delta – en arbeidstakerorganisasjon i YS

Norsk Tannpleierforening  
Postboks 9202 Grønland  
0134 Oslo

Besøksadresse:  
Lakkegata 3, 7. etg.  
0187 Oslo

Telefon: 90 47 41 17  
E-post: [ntpf@delta.no](mailto:ntpf@delta.no)

Bankgiro: 9235 15 58409  
Org.nr.: 971 481 978 MVA  
[www.tannpleier.no](http://www.tannpleier.no)

det, vil krav om undersøking hos tannlege, ikkje vera i tråd med St. meld 35 der tannpleiaren som førstelinjerolla, blir understreka.

NTpF foreslår følgjande endringar i ny forskrift:

§1 2. ledd bør endrast til: «Etter folketrygdloven § 5–6a ytes det stønad til dekning av utgifter til undersøkelse og behandling av periodontitt utført av tannpleier samt andre oppgaver tannpleiere er kvalifisert til å utføre i henhold til 1. ledd punkt 1,4,6 og 14.»

Vidare bør §1 3 ledd lyda som følgjer: «Etter folketrygdloven §5–6, ytes det stønad til tannhelseundersøkelse for eldre frå 75 år, utført av tannlege/tannpleier.»

NTpF beklagar at nyare EØS regelverk, kan vera ei hindring for at tannpleiarane ikkje får prosentvis avsetjing til fond for etter- og vidareutdanning, av dei utgiftene folketrygda har til tannbehandling hos tannpleiar. Dette er praksis for tannlegane. NTpF ser fram til at det vert sett av økonomisk stønad over statsbudsjettet til vår yrkesgruppe, slik at vi i framtida unngår ulik utgangspunkt for etter- og vidareutdanning for tannlegar og tannpleiarar. Den praksis er særst uheldig.

Som avslutning, vil NTpF understreka viktigheita av at Folketrygda er i samsvar med Samhandlingsreformen sin intensjon. Det er ikkje tilfelle i dag. Refusjonsordninga på tannhelse, blir aktivert når sjukdom oppstår. Slik NTpF ser det, burde finansieringsordningane for desse tenestene vore innretta slik at det gav stimulering til innsats før sjukdom oppstår.

Venleg helsing

Norsk Tannpleierforening

Hilde Aga  
ledar

Tilsluttet Delta – en arbeidstakerorganisasjon i YS

Norsk Tannpleierforening  
Postboks 9202 Grønland  
0134 Oslo

Besøksadresse:  
Lakkegata 3, 7. etg.  
0187 Oslo

Telefon: 90 47 41 17  
E-post: [ntpf@delta.no](mailto:ntpf@delta.no)

Bankgiro: 9235 15 58409  
Org.nr.: 971 481 978 MVA  
[www.tannpleier.no](http://www.tannpleier.no)